

Møtereferat

Dato: 08.03.2016

Emne:	Rapport fra skulebesøk på Bergen katedralskole 12.02.2016	
Til stades:	På heile møtet: rektor Bjørn Jæger, ass. rektor Rita E. Andenes, avd.leiarar Bente Færøvik, Ina Misje, Øyvind Eliassen og Kari Spilsberg. I tillegg møtte på dei ulike avdelingane: På avd. Kyrre: lærar Hogne Snistveit, till.vald Siren Dahl og elevrepr. Bettine Skaalevik og Rebekka Grønhaug. På avd. voksenopplæring møtte: Lærarar Tore Ueland og Tajul Islam samt elevrepresentantane Petter Holgersen og Svein-Inge Solheim På hovudskolen møtte: Lærar Anne-Marie Bakke og till.vald Willem von Erpecom samt elevrepresentantane Nora Hatletvedt, Mari Osland og Herman Opdal Frå opplæringsavdelinga møtte regionsleiar Hillevi Runshaug og seniorrådgivar Marianne Haaland	
Forfall:	Sak: 2015/1090-123	
Møtetid:	8.00- 5.00	Møtestad: På Kyrre, på avd. VO og i lokaler til Tanks skole

Møteleiar: Hillevi Runshaug

Referent: Marianne Haaland

Program for møtet – skuleeigar hadde møte med tre avdelingar; hovudskulen, avd. for voksenopplæring og avd. Kyrre.

Møte med avdeling Kyrre.

Avd. Kyrre har rundt 120 elevar med individuelle løp. Ei utfordring er at det ikkje ligg avgrensingar i høve kor lang tid elevane kan bruke på fullføring. I Rogaland er tilsvarende opplæring lagt under sjukehusundervisninga. Elevane kan ta valfag i ordinære klassar på hovudskulen, noko som kan vere utfordrande.

Elevane opplever miljøet på Kyrre som bra, men dei har høgt fråvær, grunngjeve med dei spesielle utfordringane elevane har med eiga helse. Dei melder også tilbake om problem med å få venar på skulen.

Med utgangspunkt i samanheng mellom skulemiljø, motivasjon og læringsutbytte, arrangerte Kyrre inneverande år samanristing ved skulestart, med tur til Katteli og felles informasjonsdag for nye elevar før skulestart. Elevane melder elles om god støtte frå lærarane. I samband med arbeid med klasseleiing har avd. Kyrre satsa på styrking av relasjonen lærar/elev. Dei har gjennomført skulevandring inneverande år. Leiар har utbytte av å sjå kva som faktisk i skjer i klasserommet.

BKS har utfordringar med vurdering, også eigenvurdering. I inneverande år har dei fokus på faglege prestasjonar hos elevar med høgt fråvær. Dette vil dei jobbe meir med. M.a. med felles forståing av omgrep og med utgangspunkt i kompetansemål og kriteria for vurdering. Avd.leiar for IB la fram system for markschemes som tydeleg viser kva som er forventa av eleven.

Skuleeigar peika på bruk av digitale program, t.d. omvendt undervisning og innlevering og bruk av It's Learning. Det er eit godt verktøy skulen der elevar med høgt fråvær kan følgje med i kva som skjer på skulen, i faga, og levere inn oppgåver om dei er vekke frå undervisninga. Dei IKT-ansvarlege på seksjon

skule deltar gjerne med råd og rettleiing når det gjeld bruk av digitale program. Det vart vist til deltaking av Kjetil Brathetland på siste skulebesøk i 2015

Elevane oppmodar om at alle lærarar tar i bruk ITL. Dette må vere eit mål framover, at alle lærarar legg ut info og oppgåver på ITL. Skulen må ha ei felles standard for bruk av ITL som blir følgd av alle lærarane. Skulen må trekke inn elevane i utforming av reglar for felles bruk.

Avd. Kyrre har gode erfaringar med eiga metodikk i matematikkundervisninga, dei gir elevane oppleving av meistring. Læraren legg til rette for at elevane får vise kva dei kan, vurdering får dei når dei er klar for det. Metodikken vektlegg styrking av fagleg sjølvstilling og får med dette gode resultat. Skuleeigar peika på nytten av deling av metodikk som gir resultat til andre fag sjølv om ein ser at realfaga sin eigenart gjer at ikkje alle erfaringar kan overførast til alle fag.

Lærarkollektivet har hatt nytte av föreläsningar med Inger Bergkastet frå Oslo-skulen, om læringsstrategiar og metodikk for arbeid i mindre grupper.

Elevane opplevde sjølv at dei ble tekne alvorleg når dei hadde innspel i høve undervisninga, dei opplever å bli høyrd. Elevgruppa har utfordringar som er knytt til faktorar utanfor skulen, dei opplever å bli sett av lærarane.

Deltakarane var samde om at det var nyttig med erfaringsdeling mellom avdelingane på BKS. Mykje er felles og særleg bruken av ITL, som kan vere retningsgivande for heile BKS. Det er også nyttig for alle med utveksling av erfaringar og å sjå dei ulike lokalitetane. Elevane ser det som viktig at møte også kan leggjast på Kyrre.

Møte med avd. vaksenopplæring

Avdelingsleiar for vaksenopplæringa ga ei kort gjennomgang av tal på søkjavar og omfang av tilbodet på VO. Dei har rundt 1800 søknader og 500 elevar årleg, 19 klassar og rundt 40 % av elevane har minoritetsspråkleg bakgrunn. Gjennomsnittsalder er 30-35 år. Avdeling VO har no to årlege inntak mot eitt inntak tidlegare år. Dette gjer det lettare å legge til rette for opplæringstilbod. Dei «overbooker» inntaket for å imøtekommbe behovet og fordi mange sluttar underveis. Skulen har auka rådgivingstilbodet til 2 tilsette, det er stort behov for sosialpedagogisk rådgiving. Gjennomføring av VO stiller krav til elevane, på eitt år skal dei gjennom det same som ordinære elevar over 3 år i visse fag. Det komprimerte løpet stiller store krav til motivasjon og innsats, mange har jobb ved sidan av.

VO har utfordringar med høgt fråvær og høgt fråfall, rundt 25-30 %, blant minoritetselevar, som no får tilbod om grunnleggjande norsk og engelsk, er fråvær/fråfall opp mot 75% Vaksne elevar har ikkje krav på spesialundervisning sjølv om dei slit med dei same utfordringar som elevar i ordinær opplæring.

Styrking av rådgivingstenesta er eit verkemiddel, dei jobbar også mykje på tvers av faggrupper for å fange opp utfordringar blant elevane.

Avdelinga har sett i gang nytt M1+-løp frå januar 2017 som skal styrke gjennomføringa for minoritetselevane. Dei testar alle i Migranorsk og alle elevar med A2 på språktest vil gå inn i det nye tilbodet. Etter halvanna år kan desse elevane gå inn i ordinært M2-løp. Tilbodet er eit spørsmål om organisering meir enn eit ressursspørsmål og vil erstatte grunnleggjande norsk.

Motivasjon kan vere ei utfordring her som andre plassar, for nokre elevar er det lenge sidan dei var i utdanningssystemet, andre går på VO for å imøtekommme krav frå NAV.

Dei satsar på å styrke identiteten som VO-elev gjennom å satse på skulestart og sosiale aktivitetar utanom skulen.

Avd. VO vil prøve ut forsterka tilbod i studieverkstad og leksehjelp i inneverande år. Dei etterlyser også rettar med omsyn til spesialundervising og PPT. Lærarane ser klart behov for meir til individuell oppfølging av elevane og rettleiing av minoritetselevar.

Elevane hadde gode erfaringar med skuletilbodet og med gode lærarar

VO vil satse på å utvikle vidare samarbeid med hovudskulen, både lærarsamarbeid og på rådgivarsida. Mykje avhenger av rammevilkår for verksemda. Dei vil søkje om midlar til oppretting av tilbod i studieverksted. Dei vil framleis ha fokus på arbeid med klasseleiing, relasjonar lærar-elev og struktur på undervisninga.

Møte med hovudskulen – BKS

Møtet starta med ein presentasjon av viktige punkt i elevundersøkinga. Denne har vore gjennomgått klassevis. Vg1-elevar skårar høgt på motivasjon og trivsel, litt lågare på vg2-nivå. Val av programfag på vg2 er viktige val for elevane. Skulen skårar høgt på arbeidsro og interesse for å lære. Kva meiner PULS med å etterspørje om elevene gler seg til å gå på skulen, ein kunne heller spørje om det er greitt å gå på skulen! I tillegg har skulen høg skår på støtte frå lærarane, dei møter respekt og får god hjelp.

Ca. 20 % av elevane skårar lågt på trivsel. Skulen er prega av flinke elevar som er vande til å vere best, og med høge krav til gode karakterar/prestasjonar. Ca. 1/3 av elevane er minoritetsspråklege i 1., 2. og 3. generasjon. Skulen vil satse på utvikling av sosiale aktivitetar utanom det faglege arbeidet. Arbeid med motiverande tilbakemeldingar vil halde fram.

Skulen har som nemnd høg del minoritetsspråklege elevar, dei som vel E-klassane på vg1/vg2 går inn i ordinære klassar i programfag. Dette kan vere utfordrande då nivået er høgt i majoritetsgruppa av elevar. Det er m.a. krevjande med gode norskunnskapar for å kunne lese fagtekstar.

Elevane peika på ulik praksis når det gjeld vurdering, kan vere uklart kva som er kriteria, men dei får informasjon om dei spør. Vurderingskriteria har vore drøfte i faggrupper, viktig at elevane vert trekte inn i arbeidet. Skuleeigar peikar på at dette kan vere eit godt grunnlag for faglege drøftingar mellom lærarar og elevar, å jobbe med felles kriteria for vurdering med utgangspunkt i kompetansemål i faga. Skulen har utfordringar med omsyn til eigenvurdering. Dette gjeld elles i fylket også, og har vore tatt opp tidlegare år. Skuleeigar legg framleis vekt på å fremje dette arbeidet då eigenvurdering er eit viktig utgangspunkt for å forstå grunnlaget for vurdering, som utgangspunkt for eleven si eiga læringsstrategi og som grunnlag for dialog mellom lærar/elev. Arbeidet kan skje i grupper, med utveksling av oppgåver og felles gjennomgang i ettertid. Dette har gitt gode resultat på andre skular.

Lærarane opplever utfordringar med omsyn til grupperom for gjennomføring av faglege elevsamtalar. Det tar tid å gjennomføre med alle elevane og krev god organisering. Samtidig er dette eit viktig område, jfr. kommentarar om vurderingskriteria.

Elevane melder om godt samarbeid om elevmedverknad og elevdemokrati, dei opplever å bli høyrdre.

Skulen sin IB-line skårar høgt i internasjonale samanhengar, men skåren er litt redusert siste år.

Nytt styringsdokument – skulen var nøgd med nytt styringsdokument. Dei vil satse på vidare arbeid med elevrolla, læringsmiljø og eigenvurdering.

Evaluering

Samla sett var alle avdelingane nøgde med eit ambulerande skulebesøk der alle avdelingar blir vitja. Det er særleg viktig for dei andre avdelingane å få besøk av ei samla leiargruppe, samtidig som dei andre får innsyn i lokale utfordringar.

Strukturen var god, ein fekk fokus på kvart område og på kva som kan vere felles utfordringar.

Elevdeltaking var god, dei har mange innspel og er tydelege stemmer i møtet. Elevane sjølv var godt nøgde, dei fekk innsyn i saker som ikkje elles vert tatt opp, og dei fekk inspirasjon til korleis saker kan takast opp i klassen.

Skuleeigar ser tydeleg korleis perspektivet har endra seg over dei 6 åra VBV-arbeidet har eksistert. Det har vore nyttig å sjå aktivitetar på alle avdelingane. Og møtet var elles godt nøgde med godt førebudde prestasjonar og drøftingar.

Neste år vil skulen presentere IB-lina.